




### **Ny dagleg leiar i NFD** **Haldis Gjømle**



Haldis Gjømle (35) er tilsett som ny dagleg leiar i NFD. Gjømle er utdanna jurist frå Universitetet i Oslo, og har sidan studia arbeidd i Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU) der ho har forvalta tilskotsordninga Frifond. Haldis Gjømle byrjar i stillinga som dagleg leiar 1. september. NFD vonar Gjømle sin kompetanse vil kome organisasjon og føremålet til gode. Les meir [her](#).

### **INTRO-folk 2009** **Ny avtale på plass**

NFD går, saman med LfS, inn som ny samarbeidspartnar i INTRO-folk. INTRO-folk er ein musikkkonkurrans for unge folkemusikarar, og vil no bli arrangert for tredje gong. Prosjektet er eit samarbeid mellom NFD, LfS, folkemusikkfestivalane, og Rikskonsertane. Påmeldingsfrist for konkurransen er 1. oktober. Meir informasjon om konkurranse og påmelding kjem i neste utgåve av Kvinten.

### **"Samspill" stortingsmelding 21** **Meir pengar til folkemusikken?**

I meldinga vert det signalisert ei auke i løyvingane til folkemusikken og strukturendringane på feltet allereie i 2008. Vidare ynskjer ein å etablere ei ny tilskotsordning for arrangørar, ei ny tilskotsordning for musikarar, samt utvikle regionale kompetansesenter. Samstemt! fylgjer opp meldinga med eit møte om regionale kompetansesenter 3. juni. Les "Samspill" og pressemelding frå NFD [her](#).

### **Riksscenen med store visjonar** **Husbygging og konsertar**

Riksscenen gjennomførte sitt tredje møte i riksscenerådet 6. mai. For NFD er det gledeleg å sjå at arbeidet for eige scene for folkemusikk no blir realisert. Riksscenen sitt arbeid er for tida knytt til husbygging, noko konsertverksemd og programproduksjon. I 2007 arrangerte Riksscenen 6 konsertar og 3 større produksjonar, og var medarrangør av ein turné i Aust og MidtNoreg. Du kan lese NFD si oppsummering av møtet i Riksscenerådet [her](#).

### **ÁRINN hausten 2008** **4.-6. september i Kristiansand**

ÁRINN vil i haust gå føre seg i Kristiansand 4.- 6. september. Programmet vil innehalde konsertar, intervju og seminar. NFD kan love eit spanande program, og kjem med meir informasjon i neste utgåve av Kvinten.

### **Unyansert om årsmøtet** **Artikkel i Spelemannsbladet**

I Spelemannsbladet 3/08 vert årsmøtet i NFD referert i artikkelen "Stille før stormen". NFD meiner framstillinga gjev eit uklart bilete av vedtaka og diskusjonane i årsmøtet. Dette gjeld spesielt omtala av Kvinten, og diskusjonane om eit notat som vart lagt fram i møtet. Les presiseringar frå NFD [her](#).

### **Visjonar for folkemusikken** **Intervju, innlegg, og debatt**



["Visjonar for folkemusikken"](#)  
Intervju med Åshild Vetthus om NFD sine visjonar for folkemusikkfeltet.

["Tradisjon og profesjonalisering"](#)  
Lene Furuli sitt innlegg på Riksscenenens seminar "Tradisjonell musikk og dans som bransje"

["Gufs frå fortida"](#)  
Kommentar til artiklar om folkemusikk, i Klassekampen .

Neste utgåve av kvinten kjem i slutten av juni



**Norsk Folkemusikk- og Danselag**  
Postboks 440 Sentrum, 0103 OSLO  
Besøksadresse: Kirkegata 20  
Epost: [nfd@folkogdans.no](mailto:nfd@folkogdans.no)  
Telefon: 22 00 56 90  
[www.nfd.no](http://www.nfd.no) / [www.folkogdans.no](http://www.folkogdans.no)

#### **Om Kvinten**

Kvinten inneheld nytt om Norsk Folkemusikk- og Danselag sitt arbeid. Om du ikkje lenger ynskjer å abonnere på Kvinten, kan du avbestille [her](#).